

Front page

Eksamensoppgåve i TDT4172 Introduksjon til Maskinlæring

Dato: 07.12.2024 09:00

Fagleg kontakt: Inga Strümke

Møter i eksamenslokalet: Nei

Hjelpekode/Tillatte hjelpekode: D: Ingen trykte eller handskrivne hjelpekode tillate.
Bestemt, enkel kalkulator tillate.

ANNAN INFORMASJON:

Les oppgåvene nøye og gjer dine eigne antakingar. Presiser i svaret kva føresetnader du har lagt til grunn i tolking/avgrensing av oppgåva.

Fagleg kontaktperson skal berre kontaktast dersom det er direkte feil eller manglar i oppgåvesettet. Vend deg til ei eksamensvakt viss du mistenkjer feil og manglar. Noter spørsmål ditt på førehånd.

FAGSPESIFIKK INFORMASJON:

Denne eksamenen tillèt ikkje bruk av handteikningar. Har du likevel fått utdelt skanne-ark, er dette ein feil. Arka vil ikkje bli aksepterte for innlevering, og dei vil derfor heller ikkje sendast til sensur.

Varslinger:

Eventuelle beskjedar under eksamen (t.d. ved feil i oppgåvesettet), blir sende ut via varslingar i Inspera. Eit varsel vil dukka opp som ein dialogboks på skjermen. Du kan finna igjen varselet ved å klikka på bjølla øvst til høgre.

Trekk frå/avbroten eksamen:

Dersom du ønskjer å levera blankt/avbryta eksamen, gå til "hamburgarmenyen" i øvre høgre hjørne og vel «Lever blankt». Dette kan ikkje angrast sjølv om prøva framleis er open.

Tilgang til svar:

Etter eksamen finn du svaret ditt under tidlegare prøver i Inspera. Merk at det kan ta éin vyrkedag før eventuelle handteikningar vil vera tilgjengelege under «tidligere prøver».

1 Linear model

Kva går ein lineær modell på formen $y = w_1x_1 + w_2x_2 + w_3x_3 + b$ ut ifrå om dataa han modellerer?

Vel eitt alternativ

- Modellen antar at han har høg skeivskap.
- Modellen antar at det ikkje er vekselverknadar imellom features. 
- Modellen antar at effekten av kvar inputvariabel er avhengig av andre inputvariablar.
- Modellen antar at han vil undertilpasse treningsdataene.

Maks poeng: 1

2 Linear gradient descent

Du har ein lineær modell $f(x) = wx + b$, som skal brukes til å predikere y -verdiar basert på input x . Modellen trenes ved hjelp av gradient descent for å minimere ein tapsfunksjon \mathcal{L} , og oppdateringsregelen for modellparametrane er $\theta \leftarrow \theta - \alpha \frac{\partial \mathcal{L}}{\partial \theta}$. Du brukar tapsfunksjonen MSE $\mathcal{L} = \frac{1}{2}(y - f(x))^2$. Du starter med verdiane $w, b = 1, 0$.

Beregn gradientane $\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial w}$ og $\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial b}$ for datapunktet $x = 2, y = 4$.

Vel eitt eller fleire alternativ

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial b} = 3$

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial w} = -4$ ✓

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial w} = -6$

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial w} = 4$

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial b} = -2$ ✓

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial b} = 2$

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial b} = -3$

$\frac{\partial \mathcal{L}}{\partial w} = 2$

Bruk læringsraten $\alpha = 0.1$ og beregn dei oppdaterte verdiane av modellparametrane.

Vel eitt eller fleire alternativ

$w = 0.6$

$b = 0.2$ ✓

$b = -0.2$

$w = 1.4$ ✓

3 Inductive bias

Kva er induktivt bias?

Vel eitt alternativ

- Det ein modell går ut frå for å generalisere frå treningsdata til usette data. ✓
- Ei fellesnemning for over- og undertilpassinga ein gitt modell gjer.
- Ein eigenskap ved treningsdataa som gir ein modell me tilpassar til dataa ein spesifikk type bias.
- Eit resultat av vilkårlege prosessar som kan oppstå i treningsfasen og fører til bias i den resulterande modellen.

Maks poeng: 1

4 Preprocessing

Du har laga ein maskinlæringsmodell, og skal no testa han. Kva for ein av desse funksjonane vil du bruka til å preprosessere testdataa?

Vel eitt alternativ

- Scaler().fit_transform(x_test)**, slik at preprosesseringen blir tilpassa til testdataa før desse blir transformerte.
- Scaler.transform(x_test)**, der Scaler-objektet først vart tilpassa på treningsdataa. ✓
- Scaler.fit(x_test)**, slik at Scaler-objektet kan gjenbrukast.

Maks poeng: 1

5 Confusion matrix and ROC curve


Ein maskinlæringsmodell gir følgjande confusion matrix for klassifiseringstverskel 0.3:

	Predikert positiv	Predikert negativ
Label positiv	40	10
Label negativ	30	20

og følgjande confusion matrix for klassifiseringstverskel 0.7:

	Predikert positiv	Predikert negativ
Label positiv	25	25
Label negativ	10	40

Sjå på ROC-kurva under



Kva utsegner er rette?

Vel eitt eller fleire alternativ

- Punkt 4 svarer til klassifiseringstreshold på 0.3 ✓
- Punkt 5 svarer til klassifiseringstreshold på 0.3
- Punkt 3 svarer til klassifiseringstreshold på 0.7
- Punkt 5 svarer til klassifiseringstreshold på 0.7
- Punkt 1 svarer til klassifiseringstreshold på 0.3
- Punkt 2 svarer til klassifiseringstreshold på 0.7 ✓
- Punkt 4 svarer til klassifiseringstreshold på 0.7

Sjå igjen på ROC-kurva over. Kva svarer punkt 5 til?

Vel eitt eller fleire alternativ

- Den høgaste klassifiseringstresholden av alle punkta 1-5.
- Den lågaste klassifiseringstresholden av alle punkta 1-5. ✓
- Det nest beste valet av klassifiseringstreshold.
- Klassifiseringstreshold på 0.3.
- Ein klassifiseringstreshold som gir høg presisjon.
- Det er ikkje mogleg å seia utan å vita klassifiseringstresholden.

Maks poeng: 3

6 ROC AUC

Kva betyr det viss ein modell har ein ROC AUC på 0.9?

Vel eitt alternativ

- Modellen har ein 90% sannsyn for å korrekt predikera positive tilfelle for alle klassifiseringstresklar.
- Modellen predikerer rett klasse i 90% av tilfella.
- Modellen har 90% nøyaktigheit ved terskelen 0.5
- Det er ein 90% sannsyn for at modellen rangerer eit tilfeldig velt positivt tilfelle ~~høgre~~ enn eit tilfeldig velt negativt tilfelle.

Maks poeng: 1

7 Precision, recall, specificity and accuracy

Du skal levera ein avansert maskinlæringsmodell til eit sjukehus som vil finna ut kva pasientar som lid av ein svært sjeldan og dødeleg sjukdom. Det er altså alvorleg om modellen har mange falske negative.

Kva for ein av desse metrikkane er det viktigast at modellen skårar høgt på?

Vel eitt alternativ

- Treffsikkerheit / accuracy
- Presisjon / precision = $\frac{TP}{TP+FP}$
- Recall = $\frac{TP}{TP+FN}$ ✓

Det viser seg at den kompliserte maskinlæringsmodellen du laga har høg treffsikkerheit, men etter testing bestemmer sjukehuset seg likevel for ikkje å kjøpa modellen av deg. Du veit sjølv at du hadde det travelt då du laga modellen, og verken studerte fordelinga i treningsdataa eller brukte eit valideringsdatasett. Kva har sannsynlegvis gått gale under modelleringa?

Vel eitt alternativ

- Modellen har overtilpassa på pasientar frå det aktuelle sjukehuset, og utan valideringsdata klarte du ikkje å fanga opp overtilpassinga.
- Fordelinga mellom friske og sjuke pasientar i treningsdataa er ubalansert. ✓
- Du brukte cross entropy som tapsfunksjon, som berre bør brukast til lineær modellering.
- Modellen har for låg læringsrate, og utan bruk av valideringsdata har du ikkje forsikra deg om at val av hyperparametrar er passande.

Du gir opp sjukehuset som kunde, og vel å heller laga ein avansert maskinlæringsmodell til politiet, som vil bruka han til å avgjera om Twitter/X-meldingar er verd ei ressurskrevjande og kostbar utrykking. Det er altså viktig å unngå at modellen har mange falske positive. Kva for ein av desse metrikkane er det viktigast at modellen skårar høgt på?

Vel eitt alternativ

- Recall = $\frac{TP}{TP+FN}$
- Presisjon / precision= $\frac{TP}{TP+FP}$ ✓
- Spesifisitet / Specificity = $\frac{TN}{TN+FP}$

8 Over- and under-sampling

Gitt eit datasett beståande av 2000 datapunkt, der 90% tilhøyrer klasse A, og resten klasse B.

Du ønskjer å gjera undersampling for å få eit balansert datasett. Kor mange datapunkt kan du behalda frå klasse A?

Vel eitt alternativ

- 900
- 200
- 400
- 100
- 1800

Du ønskjer å heller prøva oversampling. Kor mange datapunkt må då leggjast til i klasse B?

Vel eitt alternativ

- 400
- 2000
- 1800
- 100
- 1600
- 200

9 Cross entropy loss

Kva for ein av desse representerer ein korrekt implementasjon av binary cross entropy loss?

Vel eitt alternativ

- `-y*np.log(y_pred) - (1-y)*np.log(1-y_pred)` ✓
- `-y_pred*np.log(1-y) - (1-y_pred)*np.log(y)`
- `-y*np.log(1-y_pred) - (1-y)*np.log(y_pred)`
- `-y_pred*np.log(y) - (1-y_pred)*np.log(1-y)`

Maks poeng: 1

10 Weighted cross entropy loss

Kva for ein av desse representerer ein korrekt implementasjon av vekta cross entropy loss?

Vekta w_0 representerer klassen med target-verdi $y=0$, og w_1 representerer vekta for klassen med target-verdi $y=1$.

Vel eitt alternativ

- `-w_0*y*np.log(y_pred) - w_1*(1-y)*np.log(1-y_pred)`
- `-w_1*y*np.log(y_pred) - w_0*(1-y)*np.log(1-y_pred)` ✓
- `-w_0*y_pred*np.log(y) - w_1*(1-y_pred)*np.log(1-y)`
- `-w_1*y_pred*np.log(1-y) - w_0*(1-y_pred)*np.log(y)`

Maks poeng: 1

11 Imbalanced classes

I eit klassifiseringsproblem har du to klassar, der klasse A har 9000 datapønkar og klasse B har 1000 datapunkt. Kva kombinasjon av dei følgjande vektene bør du velja til ein vekta versjon av tapsfunksjonen cross entropy loss?

Vel eitt alternativ

- $w_A = 1, w_B = 0.1$
- $w_A = 0.1, w_B = 1$ ✓
- $w_A = 0.0001, w_B = 0.009$

Maks poeng: 1

12 Learning rate

Kva type parameter er læringsraten?

Vel eitt alternativ

- Ein modellparameter
- Ein treningsparameter
- Ein hyperparameter ✓
- Ein testparameter

Maks poeng: 1

13 Batch size

Kva angir batch size?

Vel eitt alternativ

- Talet på gonger modellen blir treна på heile datasettet.
- Talet på eigenskapar (features) som blir brukte i treninga.
- Talet på treningsdatapunkt som blir brukte per iterasjon av treninga. ✓
- Talet på gonger modellen blir oppdatert per epoke.

Maks poeng: 1

14 Epochs

Viss du har eit treningsdatasett beståande av 10.000 datapunkt og bruker ein batch size på 500, kor mange iterasjonar vil det vera i éin epoke?

Vel eitt alternativ

- 5
- 50
- 100
- 20 ✓

Maks poeng: 1

15 Decision tree splits

Korleis bestemmer eit avgjerdstre kva eigenskap (feature) det skal dela på i eit gitt node?

Vel eitt alternativ

- Det vel eigenskapen som maksimalt reduserer uvisse i datasettet. ✓
- Det vel eigenskapen med færrast moglege verdiar for å minimera entropi.
- Det vel alltid den første eigenskapen i datasettet.
- Det vel tilfeldig ein eigenskap frå dei tilgjengelege eigenskapane.

Maks poeng: 1

16 Random forest

Kva er viktig for å laga ein god tilfeldig skog (random forest) modell basert på avgjerdstre?

Vel eitt alternativ

- Avgjerdstrea har ulike djupner, som til saman gir ein god balanse mellom over- og undertilpassing.
- Avgjerdstrea er trena på same bootstrap-trekning frå treningsdataa for å oppnå ein modell med lågast mogleg varians.
- Avgjerdstrea er diverse, som betyr at dei bruker ulike delar av data og features ✓ uavhengige.
- Avgjerdstrea har i gjennomsnitt lært dei same mønstera frå dataa, som betyr at dei bruker eit representativt utval av data og features.

Maks poeng: 1

17 Gradient boosting

Hvilket utsegn er rett i konteksten gradient boosting?

Vel eitt alternativ

- Verdien av gradienten indikerer kor mange tre som skal leggjast til i modellen.
- For å unngå å byggja ein for kompleks modell legg gradient boosting til eitt tre av gongen under treningsprosessen.
- Kvart etterfølgjande avgjerdstre blir trena til å minimera residualene frå det førr  eit.
- Alle avgjerdstrea blir samtidig trena for å finna den beste kombinasjonen av feature splits.

Maks poeng: 1

18 Cross validation and bootstrap

Kva er hovudforskjellen i korleis data blir delte opp mellom kryssvalidering og bootstrapping?

Vel eitt alternativ

- Kryssvalidering deler datasettet i ikkje-overlappande delsett, medan bootstrapping  bruker tilfeldig sampling med tilbakelegging, som kan inkludera overlappende ~~delsett~~ punkt.
- Kryssvalidering deler datasettet i overlappande delsett, medan bootstrapping delar i ikkje-overlappande delsett.
- Kryssvalidering blir brukt på store datasett, medan bootstrapping er basert på tilfeldig sampling med tilbakelegging, og derfor blir brukt på små datasett.
- Kryssvalidering bruker berre treningsdata, medan bootstrapping bruker berre testdata.
- Kryssvalidering kan brukast for alle typar modellar, medan bootstrapping blir brukt for avgjerdstre og skogar.

Maks poeng: 1

19 Backpropagation

Kva er hovudformålet med backpropagation i eit nevralt nettverk?

Vel eitt alternativ

- Å justera vektene i nettverket for å minimera feilen mellom predikert og faktisk ✓ di.
- Å leggja til fleire lag i nettverket for å forbetra nøyaktigheita.
- Å initialisere vektene i nettverket tilfeldig.
- Å finna prediksjonen basert på input data i eit nevralt nettverk, også kjent som ein forward pass.

Maks poeng: 1

20 Stochastic gradient descent

I kva tilfelle veit me at gradient descent vil finna eit globalt minimum?

Vel eitt alternativ

- Lineær regresjon
- Konvekse funksjonar ✓
- Nevrale nettverk
- Monotone funksjonar

Maks poeng: 1

21 Anomaly detection

Kva betyr det viss ein modell for anomalideteksjon gir mange falske positive?

Vel eitt alternativ

- Modellen er trena på for få anomaliar.
- Modellen klarer ikkje å identifisera alle anomaliane.
- Modellen identifiserer mange normale datapunkter som anomaliar. ✓
- Modellen har høg accuracy, men låg recall.

Maks poeng: 1

22 Categorisation of clustering methods

Kva kategori tilhøyrer k-means?

Vel eitt alternativ

- Sentroidebasert ✓
- Hierarkibasert
- Fordelingsbasert
- Tettleiksbasert

Kva kategori tilhøyrer DBSCAN?

Vel eitt alternativ

- Hierarkibasert
- Sentroidebasert
- Fordelingsbasert
- Tettleiksbasert ✓

Maks poeng: 2

23 Isolation Forest

Kva blir Isolation Forest brukt til i konteksten av anomalideteksjon?

Vel eitt alternativ

- Å isolera datapunkt ved å dela opp dataa gjennom avgjerdstre. ✓
- Å byggja lineære modellar for å separera normale data frå anomaliar.
- Dimensjonsreduksjon for identifisering av outliers.
- Klassifisering av data gjennom fleire avgjerdstre.

Maks poeng: 1

24 PCA

Kva er fordelen ved å bruka PCA?

Vel eitt alternativ

- Hovudkomponentane er alltid korrelerte og fangar opp maksimal informasjon om variasjonar i dataa.
- Hovudkomponentane er ukorrelerte, og ved å bruka dei reduserer me dimensjonane til datasettet samtidig som mest mogleg varians blir behalden. ✓
- Hovudkomponentane bevarer informasjon om alle originale funksjonar i dataa.
- Hovudkomponentane reduserer variansen til datasettet til eit lågare tal dimensjonar for enklare visualisering.

Maks poeng: 1

25 PCA 2

Kva er prinsipalkomponentane me finn når me gjer PCA?

Vel eitt alternativ

- Dei representerer den lineære delen av kovariansen i datasettet.
- Dei er eigenvektorane til kovariansmatrisen til dataa. ✓
- Dei representerer det sentrale punktet til dei opphavlege dataa.
- Dei representerer talet på features som blir behalde etter dimensjonsreduksjon.

Maks poeng: 1

26 t-SNE

Kva er vanleg bruk av t-SNE i maskinlæring?

Vel eitt alternativ

- t-SNE blir brukt til å klyngja datapunkt, basert på sannsyn for naboskap.
- t-SNE blir ofte brukt til å redusera dimensjonane i datasett for visualisering. ✓
- t-SNE blir hovudsakleg brukt til klassifisering.
- t-SNE blir brukt for å finna ut kva høgdimensionale datapunkt som følgjer ein t-fordeling i ein lågare dimensjon.

Maks poeng: 1

27 DBSCAN

Kva for ein av desse eigenskapane gjer DBSCAN særleg robust?

Vel eitt alternativ

- Hyperparameteren som angir talet på klyngjer er valfri.
- Den identifiserer outliers og prøver ikkje å putta desse i klyngjer. ✓
- Om eit punkt blir identifisert som kjernepunkt er ikkje sensitivt for val av epsilon.
- Den kan bruka ulike hyperparametrar i ulike klyngjer.

Maks poeng: 1

28 KL-divergence

Kva rolle spiller Kullback-Leibler-divergens (KL-divergens) i t-SNE-algoritmen?

Vel eitt alternativ

- KL-diversensen påverkar kor mange nabopunkt som blir tekne med i tilpassinga av den gaussiske fordelinga i det høgdimensionale rommet, og t-fordelingen i det lågdimensionale rommet.
- KL-divergens blir brukt til å måla korrelasjonen mellom datapunkt i det høgdimensionale rommet, og representasjonen av dataa i det lågdimensionale rommet.
- KL-divergens blir brukt til å auka ytinga til t-SNE samanlikna med PCA.
- KL-divergens blir brukt til å måla forskjellen mellom sannsynsfordelinga i det høgdimensionale rommet og den projiserte sannsynsfordelinga i det lågdimens~~ens~~ ale rommet. ✓

Maks poeng: 1

29 k-means

Når bør me bruka k-means?

Vel eitt alternativ

- Når klyngjene ikkje er lineært separerbart.
- Når avstanden internt i klyngja er mindre enn avstandane mellom klyngjene. ✓
- Når features har ulike storleiksordenar.
- Når me ikkje har ein god hypotese om kor mange klyngjer som finst.


Maks poeng: 1

30 DBSCAN smiley

Sjå på figuren under. Dette er resultatet av ein DBSCAN-modell med dårlig val av parameter.
Kva for eit dårlig parametersval har skjedd her?

Vel eitt alternativ

- For høg verdi av epsilon.
- For låg verdi av min_points.
- For låg verdi av epsilon. ✓
- For høg verdi av min_points.



Maks poeng: 1

31 Policy

Kva er ein policy i reinforcement learning?

Vel eitt alternativ

- Ein strategi som bestemmer kva handling agenten skal ta i ein gitt tilstand. ✓
- Ein funksjon som gir ein verdi for kvar tilstand-handling-par.
- Eit mål som agenten prøver å maksimera over tid.
- Eit funksjonsestimat som representerer kvaliteten på ein action basert på den omgåande påskjønninga til agenten.

Maks poeng: 1

32 The Bellman equation

Bellman-likninga er

$Q^{new}(S_t, A_t) \leftarrow (1 - \alpha) \cdot Q(S_t, A_t) + \alpha \cdot (R_{t+1} + \gamma \max_A Q(S_{t+1}, A))$. Kva medfører ein høg verdi av γ ?

Vel eitt alternativ

- Læringa av Q-verdiar er dominert av dei gamle Q-verdiane.
- Læringa av Q-verdiar er dominert av den umiddelbare rewarden frå environmentet.
- Læringa av Q-verdiane blir svak for såkalla "catastrophic forgetting", der agenten gløymar Q-verdiar lært tidleg i treninga.
- Læringa av Q-verdiar er dominert av estimatet av framtidige tilstandar. ✓

Maks poeng: 1

33 Loss and reward

Kva er forholdet mellom tapet (loss) under treninga i Q-learning og reward agenten får frå miljøet?

Vel eitt alternativ

- Det er ikkje nødvendigvis ein samanheng mellom loss i treninga til agenten og reward agenten får frå miljøet.
- Loss minkar så lenge reward er slik at Q-verdien blir oppdatert under læring.
- Reward kan ikkje auka utan at loss samtidig minkar.
- Loss er det same som reward, med negativt forteikn.

Maks poeng: 1

34 LIME

Kva utsegn er korrekt om LIME?


Vel eitt alternativ

- LIME blir ofte brukt til å erstatta nevrale nettverk med tolkberre modellar som avgjerdstre.
- LIME kan brukast til å minimera kompleksiteten til ein kva som helst maskinlæringsmodell, slik at denne kan tolkast direkte.
- LIME produserer globale feature importances for ein kva som helst maskinlæringsmodell.
- LIME tilpassar ein tolkbar modell i nabolaget rundt eit enkelt datapunkt. ✓

Maks poeng: 1

35 SHAP plot

Sjå på SHAP-plottet i figuren under. Kva feature påverkar modellprediksjonen mest?



Vel eitt alternativ

- Pclass
- Age
- Sex
- Embarked_S

Korleis påverkar det modellprediksjonen om feature Pclass har ein høg verdi?

Vel eitt alternativ

- Det trekkjer modellprediksjonen ned samanlikna med gjennomsnittsprediksjonen.
- Det fortel oss at passasjerar med ein høg verdi av Pclass ofte har ein låg verdi av Sex.
- Det driv modellprediksjonen opp samanlikna med gjennomsnittsprediksjonen.
- Det fører alltid til ein høg modellprediksjon.
- Det gjer at modellen predikerer lågt sannsyn for overleving.

³⁶ Shapley values

Formelen for å berekna Shapley-verdien til en spiller i i eit spel med totalt N spelarar er

$$\phi_i(v) = \sum_{S \subseteq N \setminus \{i\}} \frac{|S|!(N-|S|-1)!}{N!} (v(S \cup \{i\}) - v(S))$$

Gitt eit spel med $N = 3$ spelarar og dei følgjande verdiane for den karakteristiske funksjonen, kva er Shapley-verdiane til dei tre spelarane?

$$v(1) = 2 \quad v(2) = 4 \quad v(3) = 5$$

$$v(\{1, 2\}) = 3 \quad v(\{1, 3\}) = 3 \quad v(\{2, 3\}) = 2$$

$$v(\{1, 2, 3\}) = 3$$

Vel eitt alternativ

$\phi_1 = \frac{1}{2}, \phi_2 = \frac{3}{2}, \phi_3 = 1$

$\phi_1 = \frac{1}{2}, \phi_2 = \frac{3}{2}, \phi_3 = \frac{1}{2}$

$\phi_1 = \frac{1}{2}, \phi_2 = 1, \phi_3 = 2$

$\phi_1 = \frac{1}{2}, \phi_2 = 1, \phi_3 = \frac{3}{2}$ ✓

37 AI Act

Kva utsegner er sanne om AI Act?

Vel eitt eller fleire alternativ

- AI Act er verdas første AI-spesifikke regulering. ✓
- AI-system som medfører høg samfunnsrisiko vil bli forbode av AI Act.
- AI Act vil regulera AI-system basert på samfunnsrisiko. ✓
- AI Act deler AI-system inn i fleire kategoriar, der AI-system til bruk i helsesektoren har ein eigen kategori.

Maks poeng: 2

38 Benevolence

Kva betyr velgjørenhet som eit etisk prinsipp for AI?

Vel eitt alternativ

- AI-system skal operera utan feil.
- AI-system skal framme menneskeleg velferd og gjera godt. ✓
- AI skal ikkje framme kommersielle måål.
- AI skal vera tilgjengeleg for alle.

Maks poeng: 1

39 Autonomy

Korleis kan eit AI-system bryta med det etiske prinsippet autonomi?

Vel eitt eller fleire alternativ

- Ved å manipulera brukarar utan at desse veit at dei blir påverka. ✓
- Ved å tvinga avgjerder på brukaren utan deira samtykke eller kontroll. ✓
- Ved å gi brukaren full kontroll over sine data.
- Ved å redusera effektiviteten i ein organisasjon.
- Ved å alltid krevja menneskeleg godkjenning før det tek ei beslutning.

Maks poeng: 2